



Engelsk 1 for 5.–10. årssteg



Vidareutdanninga er retta mot lærarar i grunnskulen, og kvalifiserer for undervisning i engelsk språk, fagdidaktikk og litteratur/kultur. Utdanninga er eit tilbod under satsinga Kompetanse for kvalitet frå Utdanningsdirektoratet (UDIR) når det gjeld vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar.

Studieinnhald

Studiet omfattar kunnskap om grammatiske og fonologiske strukturar i det engelsk språket og utvikling av eiga språkferdigheit, tekstkompetanse og produktivt ordforråd. Det tek for seg moderne kulturuttrykk og samfunnsmessige trekk frå heile den engelskspråklege verda, i tillegg til populærkultur som film, musikk og liknande. Kunnskap om og trening i å lese og bruke litterære tekstar for unge står sentralt i studiet. Det blir lagt vekt på engelskundervisning for 5.–10. årssteg, kva som kjenneteiknar elevane i denne aldersgruppa og deira språkutvikling. Studentane vil få innsikt i ulike læringsaktivitetar og arbeidsmåtar.

Internasjonalisering

Studietur til det Norske studiesenteret i Storbritannia, York.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Studiet er nettbasert. Undervisninga blir gitt i form av nettførelingar, innlevering av arbeidskrav, seminardiskusjonar på nett. Det er fire samlingar i Volda på studiet, to i kvart semester. Den første samlinga er på tre dagar, dei andre er på to dagar. I haustsemesteret får studentane nettundervisning frå det Norske studiesenteret i York. Nettundervisning vert gitt i læringsportalen Canvas og Adobe Connect. Studenten må ha tilgang til datamaskin med internett, nødvendig programvare og utstyr som webkamera og hovudtelefon med mikrofon. For å gå opp til eksamen må alle arbeidskrav knytte til emna vere oppfylte.

Aktuelle yrke og vidare studium

Studiet kvalifiserer for undervisning i engelsk på mellom- og ungdomssteget i grunnskulen.

Studiepoeng / lengd: 30 / 2 semester (1 år)

Opptakskrav: Fullført lærarutdanning

Søknadsfrist: i Stengt for søking

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsorvis 70 07 50 18 studentsorvis@hivolda.no